



Helene Olli Sollid
Gripen Gard
Gripavegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2583 - 16/20793

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
31.10.2016

Godkjenning av søknad om utsett arbeidsfrist SMIL-prosjekt restaurering av grindbygd løe Gbnr. 35/2 i Gripen

Administrativt vedtak. Saknr: 359/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 28.10.2016.

Meland kommune har motteke søknad frå Gripen gard v/ Helene Olli Sollid om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld restaurering av grindbygd løe på gnr. 35 bnr. 2 i Gripen saknr. 13/557. Arbeidsfristen for prosjektet går ut 30.11.2016.

Vurdering:

Prosjektet har kome godt i gang, og det er ikkje mykje arbeid som står att. Søkjer opplyser at ho har hatt fleire SMIL-prosjekt, og har valt å prioritera inngjerding av beite først. Søkjer starta opp med sauehald på eit bruk som ikkje har vore i drift i ein lengre periode, og det var trong for meir beite i samband med produksjon.

Det er høve til å forlenge arbeidsfristen med 2 år fram til 30.11.2018. Kommunen vurderer det slik at grunnen som ligg bak at prosjektet ikkje blir avslutta fristen, må akseptrast. Kommunen legger vekt på at søkjer har starta opp med husdyrhald på eit bruk som har vore ute av drift i en lengre periode, og at søkjer har lagt ned mykje tid og ressursar på å starte opp sauehaldet. Kommunen legger også vekt på at andre SMIL-prosjekt har blitt ferdigstilt med godt resultat, og at det er positivt at bruk som har vore ute av drift, kjem i drift att. Kommunen meiner det er viktig at prosjekta blir ferdigstilt, slik at driftsgrunnlaget på garden blir betre. Det er viktig at arbeidet kan slutførast og utsett frist vert godkjent.

Vedtak

«Meland kommune gjev med dette Helene Olli Sollid utvida frist til 31.11.2016 med å gjennomføra tiltaket som det vart løyvd pengar til i delegert vedtak, sak 13/557. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, sak 13/557.

Vedtaket har heimel i § 3 i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Mottakere:

Helene Olli Sollid

Gripen Gard

5918

FREKHAUG